



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar

Kommunar i Hordaland kan fram til **1.mai** søkje om tilskot til å utarbeide oppdaterte trafikksikringsplanar.

Kva kan kommunar søkje om?

Kommunar kan søkje om tilskot til å utarbeide trafikksikringsplanar. Alle kommunar bør ha sin eigen trafikksikringsplan. Disse planane er viktige verktøy når fylkeskommunen skal prioritere tiltaka i dei ulike kommunane.

Korleis søkjer kommunen?

Send søknaden på e-post til hfk@hfk.no. Merk e-posten 2018/12994.

Kva skal søknaden innehalde?

Søknaden bør seie noko om korleis ein tenkjer å forankre planen i kommunen, og ei oversikt over prosessar og tenkt framdrift. Kommunen må oppgi kontaktinformasjon til ein kontaktperson i kommunen, og skildre kven som er tenkt å delta i arbeidsgrupper. Søknaden må ha med eit budsjett for å etablere planen, inkludert kostnader til interne seminar og møte, innspelsprosessar, grafiske tenester og eventuell konsulenthjelp.

Kor mykje pengar er avsett til føremålet?

I 2019 er det sett av 525 000 kroner i budsjettet til fylkestrafikksikringsutvalet.

Høyringspart

Fylkeskommunen er høyringspart for planen, og endeleg plan skal sendast til Hordaland fylkeskommune.

Kva: Tilskot til lokale trafikksikringsplanar

Kven: Alle kommunar i Hordaland

Frist: 8.mai 2019

Kontaktinformasjon: Even Vaular, even.vaular@hfk.no